



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Kommunal- og forvaltningskomiteen

Deres ref

2023/2703

Vår ref

23/3929-2

Dato

29. september 2023

Dokument 8:254 S (2022-2023) representantforslag om ei strandsone for alle og styrking av allemannsretten

Eg viser til brev av 10. august 2023 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen, der eg blir bedd om å vurdere Dokument 8:254 S (2022-2023) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Stine Westrum, Marie Sneve Martinussen og Tobias Drevland Lund om eit sterkare vern av strandsona.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for plan- og bygningslova, og Klima- og miljødepartementet har ansvar for forvaltninga av allemannsretten knytt til friluftsløva og naturmangfaldlova. Svaret er utarbeidd etter innspel frå Klima- og miljødepartementet.

Plan- og bygningslova § 1-8 fastset eit byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er imidlertid viktig å understreke at byggjeforbodet ikkje er absolutt. Kommunane kan fastsetje ei anna byggjegrænse i kommuneplan eller reguleringsplan. Statlege planretningslinjer for praktisering av byggjeforbodet i strandsona langs sjøen blei vedtatt i 2011, og revidert i 2021.

Noreg er eit mangfaldig og langstrakt land, med svært ulike føresetnader og tilhøve lokalt. Det er store variasjonar i kommunane når det gjeld kor mykje av strandsona som er bygd ut, korleis utbygging har skjedd, kva anna areal som er tilgjengeleg og kor stort utbyggingspresset er. Dei statlege planretningslinjene for strandsona er delt inn i tre ulike soner, ut frå utbyggingspress og tilgjengeleg strandsona. Oslofjorden, som representantane viser til, med 71 prosent nedbygd strandsona, har dei strengaste reglane (sone 1). I sone 2 er retningslinjene utforma slik at det er strenge reglar i område med mykje utbyggingspress

og lite tilgjengeleg strandsoner, medan det er i større grad vert opna for utbygging i område med mindre utbyggingspress. Sone 3 gjeld område med mindre press på strandsonereala, og der det ofte vil vere behov for og ynskjeleg med meir aktivitet. Det skal leggjast til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strok langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona. Men også her skal ein ta omsyn til område med ulike friluft- og miljøinteresser.

Friluftlova sikrar fri ferdsel i utmark, så lenge dette skjer med omsyn og med tilbørleg varsemd, jf. friluftlova § 2. Lova seier også kva som er innmark og utmark i § 1a. Det er fleire rettsavgjerder som har vurdert grensa mellom desse to, og spørsmålet er særleg aktuelt nettopp i strandsona. Det har ingen betydning for denne vurderinga om eigeodomen er i offentleg eller privat eige, eller kva formål den er regulert til. Allemannsretten er altså i behald, sjølv om eit område er regulert. Det er først når det aktuelle området blir opparbeida i medhald av arealplan, at allemannsretten kan falle bort.

Friluftlova § 13 har ei eiga føresegn om ulovlege stengsler som seier at *«Eier eller bruker av grunn må ikke ved stengsel eller på annen måte vanskeliggjøre ferdsel, opphold, bading eller høsting som er tillatt i denne lov, med mindre det tjener hans berettigete interesser og ikke er til utilbørleg fortrengsel for almenhetens utøvelse av allemannsrett.»* Slike stengsler kan ein krevje fjerna etter friluftlova § 40.

Eg meiner regelverket for strandsona gir eit godt grunnlag for ei berekraftig strandsonerforvaltning. Regjeringa ynskjer ei differensiert forvaltning av strandsona, med ei stram praktisering av byggjeforbodet i dei områda som har minst tilgjengeleg strandsoner, der det oftast også er det største utbyggingspresset. I sone 3 av strandsona, som utgjør store delar av kystområda i Noreg, så er situasjonen motsett, det er store område med lite press på strandsona og rom for meir aktivitet. Det kan i den samanheng vere verdt å ha med seg at Noreg er det land i verda som har nest lengst kystlinje. Mykje av aktiviteten i Noreg historisk sett har vore retta mot fjord og sjø og forvaltning av dei rike fornybare ressursane ein finn der. Og mykje av den grønne omstillinga som Noreg skal gjennom fordrar nettopp at vi klarar å skape ny aktivitet og sterkare utvikling i kystområda, herunder i 100-meters beltet frå sjøen.

Kommunane som planmynde må ta stilling til arealbruka i strandsona gjennom sine kommuneplanar. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, som vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023, er det ei forventning om at kommunane vurderer arealbruken langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det skal leggjast til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strok langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona.

Talet på igangsettingsløyver til bygging i strandsona har gått markant ned dei seinare åra, frå litt under 3900 i 2020 til litt under 3000 i 2022. Mange kommunar har lagt ned mykje arbeid både i å planleggje godt for framtidig arealbruk i strandsona, og rydde opp i allereie utbygde område.

Kommunane skal i løpet av 2024 ha vedtatt nye kommunale planstrategiar, der dei òg skal vurdere behovet for revisjon av gjeldande planar i strandsona. Forvaltinga av strandsona skal, til liks med annan arealbruk, primært skje gjennom kommunale planar og ikkje bitvis gjennom dispensasjonar. Kommunane har hovudansvaret for at dette skjer, og statsforvaltar og fylkeskommune har eit ansvar for å rettleie kommunane slik at dei statlege føringane blir følgt opp. Eg har tillit til at kommunane vil følgje opp utfordringane i strandsona på ein god måte.

Kommunane har ansvar for å følgje opp tiltak som er gjennomført i strid med lover og reglar. Det er mitt inntrykk at dette er eit ansvar kommunane jamt over fylgjer opp, sjølv om det sjølvstøtt kan finnast døme på det motsette. Det er fleire kommunar som enten har eller er i gong med å kartlegge tiltak i strandsona som kan vere gjennomført i strid med lover og reglar. Der kommunane finn grunnlag for å følgje opp eit konkret tilhøve, har dei tilgjengeleg ei rekke verktøy for å rydde opp. Dei kan mellom anna krevje at det blir sendt inn søknad om løyve i ettertid. Er det ikkje mogleg å innvilge løyve, kan kommunane krevje retting. Eit tredje alternativ er at kommunane kan sørge for revisjon av arealplan. Etter mi meining har vi eit godt tilpassa regelverk. Eg ser difor ikkje behov for endringar slik forslaget tek til orde for.

Med hilsen



Sigbjørn Gjelsvik